



Konfirmantane Tone Helen Ljosnes Moen og Anita Miljeteig under innsamlinga i fjor (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Tysdag før palmesøndag er dagen for innsamlinga til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Denne kvelden vil konfirmantane i Uskedalen og Husnes og Holmedal sokn gå rundt med bøsser og samle inn pengar for Kirkens Nødhjelp, som i år har eit spesielt fokus på å vere Saman For Andre.**

Over éin milliard menneske lever i ekstrem fattigdom i verda, og urettferdigheit tek menneskeliv kvar dag. Men vi ser at det er håp. Kvardagsheltar i fattige land går saman med menneske i Noreg. Vi trur at vi saman kan skape ei positiv forandring.

Pengane som blir samla inn går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid for ei rettvis verd. Kirkens Nødhjelp driv både langsiktige prosjekt for ei betre framtid, og akutt naudhjelp for å berge liv og hjelpe folk som vert råka av katastrofer.

Konfirmantane kjem i kveldinga med **plomberte bøsser som er tydeleg merka med Kirkens Nødhjelp** og har **ID-merke** med namnet sitt på og nummer som samsvarar med nummeret på bøssa.

Slik kan gjevarar sjå at dei har fullmakt til å samle inn til Kirkens Nødhjelp. **Vær obs! på at bøssene er tydeleg merka med Kirkens Nødhjelp.**

Ta godt imot bøsseberarane frå Kirkens Nødhjelp!

**Helsing Kristan Due  
Prest**



# BØSSE- BÆRERNE KOMMER 17.-19.MARS

  
KIRKENS NØDHJELP  
actalliance

